

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Vår dato: 30.04.2015  
Vår ref.: 201502608-2  
Arkiv: 311  
Dykkar dato: 23.04.2015  
Dykkar ref.: Marius Flemmen Knudsen

Sakshandsamar:  
Siss-May Edvardsen

## **NVE sitt svar vedkommande spørsmål om saksbehandling gjeldande lukking av bekk - Meland kommune**

Vi viser til brev dagsett 23.04.2015. Saka gjeld på GBnr 13/8, der de ynskjer å legge delar av ein bekk i rør. Bakgrunnen for tiltaket er at grunneigar opplever at bekken graver seg inn under eksisterande murar, og at det er fare for at murane skal rase ut. Meland kommune ber om ei vurdering av om dette er eit søknadspliktig inngrep etter vassressurslova. På generelt grunnlag vil vi svare bekreftande på det spørsmålet. Når det gjeld denne saka kan vi likevel ikkje sjå at tiltaket treng vidare handsaming etter vassressurslova, og at det er naturleg at kommunen handsamar den etter plan- og bygningslova.

NVE tilrår på generelt grunnlag å halde bakkar opne og ikkje leggje dei i rør. Ved ei ev lukking lyt tiltakshavar vurdere flaumkapasitet slik at tiltaket ikkje medfører skader under flaum, både på eigen eigedom og nedstrøms, då lukking av bekkar gir auka vassfart og påfølgjande auka erosjonsfare og endringar i strømingstilhøva. Bekkar vil òg ha verdi ved at eit ope bekkeløp/kanal med kantvegetasjon vil vere meir produktiv enn eit lukka system, og ha større evne til å reinse ev. overskot av næringsstoff frå tilgrensande areal.

Vassressurslova har fleire alminnelege reglar om vassdrag. Desse er gjeve i vassressurslova Kap. 2, og gjeld for alle tiltak i vassdrag. NVE syner særskilt til plikta til å vere aktsam i vassressurslova § 5, som gjev pålegg om at vassdragtiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for ålmenne interesser. Vi gjer merksam på at tiltakshavar er ansvarleg for ev skadar og ulemper for private interesser som følgje av tiltaket.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Siss-May Edvardsen  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR